vigo
Interkommunalt selskap

# Eksamen

19.05.2016

APO3001
Helsefremjande/helsefremmende arbeid

**Programområde:** Apotekteknikk

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderinga** | I denne oppgåva vil det bli lagt vekt på:<br>• At du skal vise tilstrekkeleg fagkunnskap og ha kjennskap til regelverk og instruksar som ligg til grunn for ulike arbeidsoppgåver i apotek, slik at du kan utføre arbeidet på ein forskriftsmessig måte.<br>• At du skal kunne avdekke ulike behov og kartlegge ulike kundesituasjonar i apoteket, og at du skal kunne drøfte og vurdere ulike løysingar ut frå fagkunnskap, gjeldande regelverk og prosedyrar.<br><br>**Om svaret i hovudsak er ein reproduksjon eller avskrift frå kjende kjelder, er dette et uttrykk for svært låg kompetanse i faget.** |

Det er ein heilt vanleg dag i mai. Du arbeider som apotekteknikar på eit apotek med fem tilsette inklusive apotekaren. Tre av dykk er apotekteknikarar. Arbeidet blir utført etter ein rulleringsplan og du som apotekteknikar har normalt ei økt i sjølvvalet og ei økt i direkteresepturen i løpet av arbeidsdagen. Ut over dette har du også nokre eigne faste arbeidsoppgåver.

Denne dagen står det på planen at du skal ha den første økta di i sjølvvalet.

**Oppgåve 1**

Den første kunden din er en ung vaksen mann. Han har lese seg litt opp på pollenallergi og trur det er det han har fått. Han seier han har tett nase og auga som klør og er raude. Nys gjer han også.

a) Kva anna bør du få vite frå kunden før du seier deg einig med at han sannsynlegvis har fått pollenallergi?
b) Er det noko meir du kjenner til som styrkar mistanken om pollenallergi, i så fall kva?

Kunden har forstått at det finst ulike typar medisin for pollenallergi og at nokre verkar raskare enn andre.

c) Han ønskjer å kjøpe augedråpar og nasespray som verkar raskt. Kva anbefaler du?

Denne kunden har lese noko om at den allergiske reaksjonen oppstår fordi kroppen oppfattar pollen som farleg. Han ønskjer ei forklaring på kva som eigentleg skjer og kor legemidla verkar i den allergiske reaksjonen.

d) Du har nettopp vore på kurs no i april og forklarer gjerne.

Vidare har han funne ut at nokre av desse legemidla blir kalla systemisk verkande og nokre lokalt verkande.

e) Forklar kunden kva dette betyr.

Kjærasten har nokre augedråper heime som heiter Spersallerg. Dei fekk ho kjøpt på eit apotek for eit par veker sidan for raude auge.

f) Kva tenkjer du om dette?

Nokre augedråper finst som endose.

g) Kva er spesielt med endose og kven kan ha nytte av det?

Til slutt spør kunden om det finst meir effektive legemiddel på resept?

h) Kva svarar du?

**Oppgåve 2**

Den neste kunden din er ei ung kvinne i starten av 30-åra. Ho har svie og kløe i underlivet. Ho har høyrt at det finst nokre tablettar som kan hjelpe for dette? Ho seier at mora har nokre vagitoriar heime som heiter Ovesterin. Kunden din lurer på om ho eventuelt kan låne av henne?

a) Korleis vil du rettleie denne kunden?

Litt ut i samtala fortel ho at hun nettopp er ferdig med ein antibiotikakur.

b) Kva tenkjer du om det og symptoma hennar?

**Oppgåve 3**

Kunden din står framfor hylla med smertestillande. Han lurer på om han skal kjøpe Ibumetin eller Voltarol. Han har høyrt at begge hjelper godt for muskelsmerter, men tenkjer at Ibumetin må vere best sidan den er 200 mg og Voltarol er 12,5 mg.

a) Kva seier du her? Forklar
b) Kva heiter den felles gruppa kor desse legemidla høyrer heime og kva er felles for denne gruppa?

**Oppgåve 4**

Du står i utgangskassa. Kunden som skal betale har med seg fleire andletspleieprodukt; ansiktskrem, tonic, serum og reinsemjølk. Kollegaen din har hjelpt henne, men nå har ho gløymt i kva rekkjefølgje dei skal brukast.

a) Gjenta rekkjefølgja for kunden
b) Er det andletspleieprodukt du kunne tenkje deg å anbefale i tillegg? I så fall kva?

**Oppgåve 5**

Din første kunde i direkteresepturen hentar eit legemiddel som heiter Marevan. Du veit at dette er eit blodfortynnande legemiddel som må doserast veldig nøyaktig og som har mange interaksjonar. Du meiner å hugse at dette med nøyaktigheit kan ha noko med det terapeutiske området å gjere. Du får farmasøyten til å repetere for deg kva det terapeutiske området er.

a) Kva kjenneteiknar det terapeutiske området til eit legemiddel som Marevan?
b) Kva kjenneteiknar det terapeutiske området for reseptfrie legemiddel og kvifor?
c) Kunden din ønskjer å kjøpe nokre smertestillande tablettar også. Han har brukt Ibux tidlegare og har fått god effekt. Korleis handterer du denne situasjonen. Grunngi vala dine.

**Oppgåve 6**

Kunden du nå får i direkteresepeturen har med seg ein resept på Elocon. Dette er kortisonpreparat som skal brukast på eksem.  Legen har rekvirert ulike legemiddelformer; liniment, salve og krem. På resepten står det at produkta skal brukast på eksemet 1 gong dagleg. Legen sa noe anna om bruken også, men det hugsar ikkje kunden.

a) Kva informasjon vil du gi kunden her?

Kunden fekk også beskjed om å kjøpe noko til huda som kan brukast meir førebyggande.

b) Kva vil du anbefale her og korleis skal det brukast saman med kortisonprodukta?

Ein gong fekk kunden ei anna kortisonsalve utan resept. Han lurer på kvifor han må ha resept denne gongen, er det fordi han nå får større pakningar/tubar?

c) Kva svarar du her?

**Nynorsk/Bokmål**

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderingen** | I denne oppgaven vil det bli lagt vekt på:<br>• At du skal vise tilstrekkelige fagkunnskap og ha kjennskap til regelverk og instrukser som ligger til grunn for ulike arbeidsoppgaver i apotek, slik at du kan utføre arbeidet på en forskriftsmessig måte.<br>• At du skal kunne avdekke ulike behov og kartlegge ulike kundesituasjoner i apoteket, og at du skal kunne drøfte og vurdere ulike løsninger ut fra fagkunnskap, gjeldende regelverk og prosedyrer.<br><br>**Om besvarelsen i hovedsak er en reproduksjon eller avskrift fra kjente kilder, er dette et uttrykk for svært lav kompetanse i faget**. |

Det er en helt vanlig dag i mai. Du arbeider som apotektekniker på et apotek med fem ansatte inklusive apotekeren. Tre av dere er apotekteknikere. Arbeidet utføres etter en rulleringsplan og du som apotektekniker har normalt en økt i selvvalget og en økt i direkteresepturen i løpet av arbeidsdagen. Ut over dette har du også noen egne faste arbeidsoppgaver.

Denne dagen står det på planen at du skal ha den første økten din i selvvalget.

**Oppgave 1**

Den første kunden din er en ung voksen mann. Han har lest seg litt opp på pollenallergi og tror det er det han har fått. Han sier han har tett nese og øyne som klør og er røde. Nyser gjør han også.

a) Hva annet bør du få vite fra kunden før du sier deg enig med at han sannsynligvis har fått pollenallergi?
b) Er det noe mer du kjenner til som styrker mistanken om pollenallergi, i så fall hva?

Kunden har forstått at det finnes ulike typer medisiner for pollenallergi og noen virker raskere enn andre.

c) Han ønsker å kjøpe øyedråper og nesespray som virker raskt. Hva anbefaler du?

Denne kunden har lest noe om at den allergiske reaksjonen oppstår fordi kroppen oppfatter pollen som farlig. Han ønsker en forklaring på hva som egentlig skjer og hvor legemidlene virker i den allergiske reaksjonen.

d) Du har nettopp vært på kurs i april og forklarer gjerne.

Videre har han funnet ut at noen av disse legemidlene benevnes som systemisk virkende og noen som lokalt virkende.

e) Forklar kunden hva dette betyr.

Kjæresten har noen øyedråper hjemme som heter Spersallerg. De fikk hun kjøpt på et apotek for et par uker siden for røde øyne.

f) Hva tenker du om dette?

Noen øyedråper finnes som endose.

g) Hva er spesielt med endose og hvem kan ha nytte av det?

Til slutt spør kunden om det finnes mer effektive legemidler på resept?

h) Hva svarer du?

**Oppgave 2**

Din neste kunde er en ung kvinne i begynnelsen av 30-årene. Hun har svie og kløe i underlivet. Hun har hørt at det finnes noen tabletter som kan hjelpe for dette? Hun sier at moren har noen vagitorier hjemme som heter Ovesterin. Din kunde lurer på om hun eventuelt kan låne av henne?

a) Hvordan vil du veilede denne kunden?

Litt ut i samtalen forteller hun at hun nettopp er ferdig med en antibiotikakur.

b) Hva tenker du om det og hennes symptomer?

**Oppgave 3**

Kunden din står foran hyllen med smertestillende. Han lurer på om han kan skal kjøpe Ibumetin eller Voltarol. Han har hørt at begge hjelper godt for muskelsmerter, men tenker at Ibumetin må være best siden den er 200 mg og Voltarol er 12,5 mg.

a) Hva sier du her? Forklar
b) Hva heter den felles gruppen hvor disse legemidlene hører hjemme og hva er felles for denne gruppen?

**Oppgave 4**

Du står i utgangskassen. Kunden som skal betale har med seg flere ansiktspleieprodukter; ansiktskrem, tonic, serum og rensemelk. Din kollega har hjulpet henne, men nå har hun glemt i hvilken rekkefølge de skal brukes.

a) Gjenta rekkefølgen for kunden
b) Er det ansiktspleieprodukter du kunne tenke deg å anbefale i tillegg? I så fall hva?

**Oppgave 5**

Din første kunde i direkteresepturen henter et legemiddel som heter Marevan. Du vet at dette er et blodfortynnende legemiddel som må doseres veldig nøyaktig og som har mange interaksjoner. Du mener å huske at dette med nøyaktighet kan ha noe med det terapeutiske området å gjøre. Du får farmasøyten til å repetere for deg hva det terapeutiske området er.

a) Hva kjennetegner det terapeutiske området til et legemiddel som Marevan?
b) Hva kjennetegner det terapeutiske området for reseptfrie legemidler og hvorfor?
c) Kunden din ønsker å kjøpe noen smertestillende tabletter også. Han har brukt Ibux tidligere og har fått god effekt. Hvordan håndterer du denne situasjonen. Begrunn dine valg

**Oppgave 6**

Kunden du nå får i direkteresepeturen har med seg en resept på Elocon. Dette er kortisonpreparater som skal brukes på eksem. Legen har rekvirert ulike legemiddelformer; liniment, salve og krem. På resepten står det at produktene skal brukes på eksemet 1 gang daglig. Legen sa noe annet om bruken også men det husker ikke kunden.

a) Hvilken informasjon vil du gi kunden her?

Kunden fikk også beskjed om å kjøpe noe til huden som kan brukes mer forebyggende.

b) Hva vil du anbefale her og hvordan skal det brukes sammen med kortisonproduktene?

En gang fikk kunden en annen kortisonsalve uten resept. Han lurer på hvorfor han må ha resept denne gangen, er det fordi han nå får større pakninger/tuber?

c) Hva svarer du her?

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap